



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2546 - 18/19818

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

19.06.2018

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet 22. mai 2018

Desse møtte: Lisbeth, Carlos, Nina, Kari, Grethe, Susanne.

Sak 18 / 2017 – 18: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Sakførebuing: Møtet var kalla til 08.mai, men måtte utsetjast for å få møtekalenderen til FAU avstemt med SU / SMU. Saklista byggjer på møtebok frå 20.02.18

Framlegg til vedtak: Godkjende slik dei ligg føre.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak: Godkjende

Sak 19 / 2017 – 18: Skyss og skiping

Sakførebuing: Som orientert på førre møtet har rektor lenge jobba med å få organisert skuledagen slik at elevane får ein noko kortare dag. Dette vert måndagar. Prisen er at elevane har timar a 60 minutt. Skyssen er flytta litt slik at totalen går opp.

Framlegg til vedtak: SU / SMU tek orienteringa til etterretning.

Dette skjedde i møtet: Tilrettelegg. Farleg skuleveg.

Vedtak: Rektor vert beden om å ta opp saka med LK og Skyss med sikte på å få løyst skyss for. FAU tek saka vidare. Mail til Nina.

Sak 20 / 2017 – 18: MSO

Sakførebuing: Rektor har snakka med MSO med sikte på å auke innsyn i og lette oppfølging av seksualopplysninga som vert gitt av MSO.

Framlegg til vedtak: SMU / SU tek orienteringa til etterretning.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Dette skjedde i møtet: Drøfting.

Vedtak: Neste år utsetje MSO for 9.kl. og køyre replay på 10.kl. Ta inn i årsplanar.

Sak 21 / 2017 – 18: Personalstoda

Sakførebuing: Rektor går gjennom nyttilsetjingar i møtet etter at elevane er gått.

Framlegg til vedtak: SU tek orienteringa til etterretning.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak: Til etterretning.

Sak 22 / 2017 – 18: Høyringar og innspel

Sakførebuing: På vegner av skulen og rådsorgana har rektor svart på to høyringar. Den eine gjeld områdeplan for Ostereidet der det vesentlegaste er utbetringa av tilkomst til skulen Senteret – Lindsstallen som er klassifisert som særleg farleg skuleveg. I tillegg er det parkering. Behovet for å ha ein god relasjon til grunneigar er også understreka.

Det andre gjeld Osterhallen. Her har rektor slutta seg til innspelet frå Utearealsgruppa og elles understreka at malen for hallar utanfor Knarvik bør vere Lindåshallen med bibliotek, møterom i tillegg til forsamlings/ idrettsarena.

Framlegg til vedtak: SU / SMU tek orienteringa til etterretning.

Dette skjedde i møtet: Drøfting av tema.

Vedtak: SU godkjenner rektor si orientering og tiltak. Rektor svarer på Linn Hagen si utfordring om skulen sine plassbehov. Og synleggjere behova. Kantine/ Storstue!!

Sak 23 / 2017 – 18: Elevundersøking / mobbeundersøking

Sakførebuing: Udir lanserer kvart år elevundersøking om hausten der 10.kl. sine svar vert lagd til grunn for vurderingane. Ost U har årleg i april sin mobbeundersøking for å finne fram til stoda her. Materialet vert lagd fram i møtet.

Framlegg til vedtak: SU/SMU tek orienteringa til etterretning.

Dette skjedde i møtet: Framvising og drøfting

Vedtak: Kontaktlærer følgjer opp og undersøkinga vert teken på nytt.

Sak 24 / 2017 – 18: Beredskapsplan

Sakførebuing: Eg viser til tidlegare utdelt framlegg til beredskapsplan for skulen og ber SU /SMU drøfte saka.

Framlegg til vedtak: Vert teken til etterretning.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak: Vert send medl i SU.

Sak 25 / 2017 – 18: Budsjettsaker 2019

Sakførebuing: Etter vedteken vedlikehaldsplan skal skular (o.a.) få eit grundig vedlikehald kvart 3 – 4. år. I fjor var det Ost U sin tur og det viste etter med maling og oppshining mange stader.

Så langt er det dusnisjar i idrettsbygget som ein ser som nyttig.

Støydempande plater i tak i vestibyle og opprydding i leidningsvirvaret på klasserom vert teke utanom.

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet: Drøfting

Vedtak: Mail til Nina.

Sak 26 / 2017 – 18: Moglege andre saker.

Sakførebuing:

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Sjekk vara i 8.kl.

Neste møte: Tysdag 12.06. kl.1800

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemer og varamedlemer